



Arkivnr: 2014/1095-28

Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

## Søknad om fritak frå verv i Samarbeidande Kraftfylke

### Samandrag

Fylkestinget gjorde i møte 19.10.2011 framlegg om Iril Schau Johansen (H), Mona Haugland Hellesnes (V) og Astrid F. Selsvold (A) som medlemer i styret i Samarbeidande Kraftfylke. Iril Schau Johansen vart av årsmøtet vald som varamedlem, mens Astrid F. Selsvold vart vald som medlem i valnemnda.

I e-post 14.10.2014 søker Iril Schau Johansen fritak frå vervet som varamedlem til styret. Ho viser til at styremøta vert haldne med så lang reiseveg for henne at det vanskeleg let seg kombinera med omsorg for born.

Det ligg ikkje føre noko plikt til å la seg velja til eit slikt verv. Ein treng difor ingen spesiell fritaksgrunn, det er nok at ein ikkje vil.

Det vert rådd til å gi fritak og nemna opp ny varamedlem etter Schau Johansen.

### Forslag til innstilling

1. Iril Schau Johansen, Høyre vert friteken frå vervet som varamedlem til styret for Samarbeidande Kraftfylke for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. Som ny varamedlem til styret i Samarbeidande Kraftfylke vert ..... oppnemnd for resten av valperioden 2011 – 2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*